




AUSTRHEIM KOMMUNE  
Sætre marka 2  
5943 AUSTRHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Dispensasjon - Austrheim 162/14 - Børilden - flytebrygge

Vi viser til brev frå kommunen datert 26.05.23. Saka gjeld søknad om utlegging av flytebrygge. Tiltaket treng dispensasjon frå LNF-formål og bruk og vern av sjø i arealdelen av kommuneplanen, og frå byggeforbodet i strandsona.



### Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan ikkje gje dispensasjon frå omsyna bak føremåla området er sett av til i KPA, omsyna i føremålsparagrafen § 1-1, nasjonale eller regionale interesser, dersom desse vert sett vesentleg til side, jf. pbl. § 19-2. I tillegg må fordelane med å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Dersom vilkåra etter pbl. § 19-2 er oppfylt, så må kommunen også gjere ei separat vurdering av om dispensasjon skal tildelast for tiltaket, jf. pbl. § 19-2 første ledd.


Forvaltninga av strandsona med 100-metersbeltet er av nasjonal interesse. Strandsoneforvaltninga skal bidra til ei berekraftig utvikling i tråd med FN's berekraftsmål. Tiltaka fell inn under byggeforbodet i strandsona, jf. pbl. §§ 1-6, 1-8, 19-1 og 19-2. Etter lova skal ein her særleg ta omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre almenne interesser, jf. pbl. § 1-8. Vurderinga av strandsoneverdiane må gå fram av dispensasjonsvedtaket.



Vi ber Austrheim kommune om å leggje til grunn statlege planretningslinjer for ei differensiert forvaltning av strandsona langs sjø (SPR). I SPR så er Austrheim kommune plassert i sone 3. Sona omfattar område som har mindre press på areala. Heller ikkje her bør det tillatast utbygging i område som har spesiell verdi for friluftsliv og ålmenn ferdsel, naturmangfald, kulturmiljø og landskap.

Det vert søkt om å leggje ut ei flytebryggje på 2,4m \* 10m. Landgang kjem i tillegg. Flytebrygga skal festast i eksisterande kai. Området som flytebrygga skal festast i er bygd og allereie ganske privatisert. Det er allereie eit ganske stort kaianlegg på staden, og vi ber kommunen særleg gjere ei konkret vurdering om det ikkje allereie er sikra tilstrekkeleg tilkomst.

Vi vil peike på at det er store strandsoneverdiar i området, som må ivaretakast. Tiltaket ligg i eit område som er kartlagt som eit svært viktig friluftsområde, som er skildra som: «*Stort friluftsområde med variert landskap og mange flotte stader. Båtutfartsområde med gode naturhamner og badeviker. Fin teltplass på austsida, tilrettelagt med lavvo og bål plass. Fortøyingsboltar og fortøyingsbøye i Bensundet, på austsida av Børilden. Det er flott å padle rundt øya i kajakk.*» Tiltaket vil gå over 10 meter ut i sjø, og vil påverke både friluftslivinteresser og landskapsinteressene.



Det er også registrert viktig naturmangfald i nærleiken, men vi vurderer at tiltaket i liten grad vil påverke desse.

Etter Statsforvaltaren si vurdering er det likevel fleire tilhøve i området som tilseier at området har spesiell verdi for dei interessene som skal ivaretakast i strandsona, og som etter SPR tilseier at det ikkje bør tillatast utbygging. Slik vi vurderer saka vert omsyna bak arealføremål både på land og i sjø, og tiltaksforbodet etter lova § 1-8, sett vesentleg til side av omsøkte tiltak. Vi rår ifrå at kommunen gjev dispensasjon.

Vi ber Austrheim kommune sende kopi av endeleg vedtak til Statsforvaltaren i Vestland for klagevurdering.



Med helsing

Sarah Kvåle Skauen  
seniorrådgjevar

Hege Brekke Hellesø  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN